




**NORSK
HÅNDSVERKSINSTITUTT**
SENTER FOR IMMATERIELL KULTURARV

ÅRSRAPPORT 2021

Av Berit Osmundsen, båtbygger
Stipendiat i handverk ved Norsk håndverksinstitutt
06.09.2021

Innholdsliste

Innhald	2
Innleiing	3
Problemstilling	4
Metode	8
skildring av prosessen	10
Resultat	12



Arbeid med esingane.

Innleiing

Denne rapporten må lesast som ei fortsetjing av førre års rapport. Eg har vidareført arbeidet med å sette meg inn i bygging og bruk av dei større båtane i oselvartradisjonen. I år har eg mest jobba med bygging av åttring, samt vidare søking etter grunnmåla til båten og korleis dei skal nyttast i bygginga.

Denne rapporten byrjar med eit båtreis frå førre året der botnomfaret er ferdig. Eg har kome fram til eit sett med mål og målereglar etter leiting og fundering dei to føregåande åra av stipendiatprosjektet. Ved starten av denne årsrapporten trur eg ganske fast på desse, noko som kjem til å endre seg etterkvart som båten veks. Eg har mellom anna lagt vekt på å jobbe med tradisjonelle verktøy, og lite bruk av maskinell tilverking av emne.

Eit mål har vore å forstå oppbygginga og linjeføringa i båten både byggtknisk og sjølv skrogforma. Kva verktøy som vert nytta kan påverke arbeidsprosessen og kva handverkaren har fokus på. Mellom anna vil ein maskinell avrettarhøvel ofte påverke val av innved. Arbeidet med å få ei djupare forståing for alnastaven, og korleis den har vore nytta under bygginga, har også vore ei viktig del av bygginga. Heller enn å arbeide utifrå innlærte tommemål og målereglar eg kan for færingen, og kan konstruere for dei større båtane, har eg undervegs i året tenkt bakover i tid.

At båtbyggerane går med tommestokk i lomma, er ei moderne vane. Eg ser det som truleg at dette har endra vår måte å tenke på i både oppbygging, skaping og skyting/sikting undervegs i bygginga av båtane. Eg har derfor under det siste halve året brukt tid på å leite etter korleis alnastaven eigentleg er meint å nyttast i bygginga, og korleis arbeidet går føre seg utan tommestokk i lomma. Eg meiner no at alnastaven ikkje er ein «pinne» å hente mål frå, men heller ein reiskap til sjølv bygginga, utan å ha tommestokk.

I tillegg har eg hatt som mål å øve opp betre teknikk ved bruk av handverktøy. Dette for å forstå byggeprosessen og vala som er gjort i skapinga av båtane, samt å auke mine egne ferdigheiter. Hovudmålet dette siste året i stipendiatperioden min er å komme så langt at eg kan bygge oselvaråttring ut frå alnastaven til ein slik båt. Eg vil også ha så god forståing for dette, at eg kan overføre kunnskapen til dei andre variantane og storleikane, slik som

ladromsbåt og brugdebåt, eller for den del færingane, som eg er vant til å bygge etter innlærte tommemål.

Før arbeidet starta opp, håpa eg på periodar med besøk av andre båtbyggjarar. Dette for å få fleire blikk og synspunkt på båten, byggeprosessen og måleprinsippa undervegs i bygginga. Det har dessverre ikkje latt seg gjere grunna covid-19-pandemien.

Problemstilling

Hovudproblemstilling

Korleis, og frå kvar, hentar eg måla til skroget under bygginga? Er det faste mål og måleplassar som gir skrogforma? Eller er siktelinjer og referansepunkt vel så viktig, kanskje viktigare? Kor sentral rolle har alnastaven i byggeprosessen? Er det ein «minnepinne», eller ein praktisk målereiskap som nyttast saman med prosess- og linjekunnskap for heile skapinga av båten?

I starten av prosjektet leita eg med lys og lykte etter samanfallande tommemål og forhold i båtane eg har målt opp. Noko finn eg, men mindre enn eg trudde då eg starta opp. Det er også slik at alnastavane har avmerkt svært få mål, og nesten ingen har tommemål merka av. Etterkvart som eg har bevega meg ut i «ukjend landskap» har eg forkasta mange av måla, samanhengane og teoriane eg har vore innom. Samstundes har eit system av siktelinjer og skyting kome betre til syne. Eg har dette året erfart at ved hjelp av mellom anna struktur i arbeidet, kunnskap om byggeprosess, skyting og siktelinjer, kunnskap om merka på alnastaven og båtaskogen, kan båten byggast med svært få mål. Kvarte, halve og heile tommar vert mindre viktige. Eg tenker i dag at «systemet» som definerer båttypen berre delvis er basert på tal og mål, viktigare er det med ein godt innøvd skikk med siktelinjer, referansepunkt og vurdering av kvar og korleis borda legg seg ut.

Det er også slik at eg er lært opp til at alnastaven nyttast mest for å hugse og vidareføre vitale mål til båtstorleiken, men at ein elles tar ut mål frå ulike plassar i båten med tommestokken. Den aktive bruken av alnastav under bygging var gått ut før Harald Dalland, min læremeister, lærte faget. Han lærte meg kva dei ulike merka symoliserar, men han hadde ikkje inne korleis stavane nyttast når ein ikkje går omvegen om tommestokk, slagmål og måleskjema. Det eg lærte av Harald har eg etter kvart tenkt er ei noko «halvmoderne» måte å tenke, og bygge på.

I dag meiner eg at alnastaven er den reiskapen ein nyttar under heile byggeprosessen for å ta mål i skroget, tommen er då overflødig under arbeidet med reis og oppbording av båten. Om dette er riktig vil det også seie at endringa frå norsk/gamal tomme, til den dansk/norske tommen hadde liten innverknad på båtane.

Alnastaven er rettleiande, men ikkje absolutt, og det varierer kor fritt ein kan skape båten i høve til kvar ein er i prosessen. Det er også nokre rammar ein ikkje bør stige over. Nokre av dei er lette å definere og sjå, andre er meir «på instinkt», eller «sit i kroppen». Båtbyggaren treng erfaring og arbeid med båttypen før dette er på plass. Dette er også noko eg har prøvd å gå inn i.

Underproblemstillingar

Trenagler

Det er i fleire tiår bygd få oselvarar med trenaglar som festemiddel for innveden. Min læremeister Harald Dalland ville helst ikkje nytta trenaglar. Båten treng då eit litt anna vedlikehald, og han var uroleg for misnøgde kundar. På grunn av dette har eg lite erfaring med trenaglar brukt i båt. Eg har noko erfaring frå slikt arbeid frå andre båttypar, men det er ulike tradisjonar på korleis dette arbeidet skal gjerast. Eg har brukt tid i år på å samanlikne tradisjonar i Norden i høve trenaglar. Både framstilling, teknikk, materiale og bruk. I åttringen som er under arbeid har eg valt å bruke trenaglane på det viset det ser ut til å vere tradisjon for i dei gamle oselvarane. Det er ikkje nødvendigvis det sterkaste, beste eller enklaste, men eg trur det gir størst læringsutbytte. Før arbeidet starte rekna eg med at trenaglane og arbeidet med dei var ganske likt i dei nordiske landa. Eg fann derimot mange variasjonar, og at båtbyggerane tenker ulikt i korleis dei utformar og arbeider med trenaglar og åretta. Eg viser til blogginnlegg om [trenaglar datert 15. januar 2021](#), samt blogginnlegg datert 27. mars med tittel:

[Innved, festemidlar og arbeidsprosess.](#)

Rigg

Råseglriggen på vestlandet er lite dokumentert historisk, og det er no få båtar igjen som gir svar. Eg har hatt som mål å rigge båten med «vestlandsråsegl». No ser ut til å verte for lite tid til det arbeidet. Eg har brukt meir tid enn berekna både på dokumentasjon og arbeidet med å

forstå prosessen med bygging på alnastav. I tillegg har byggerarbeidet blitt meir oppstykkka og dermed meir tidkrevjande enn eg planla. Eg legg noko av ansvaret for dette på koronapandemien, og noko på meg sjølv. Båten vert i denne omgang utstyrt med årar. Eg vil jobbe for å få på plass eit prosjekt i etterkant der eg får jobba grundigare med riggen.

Arbeidsprosess og verktøyval


Eg har valt å jobbe mest mogleg manuelt og i stor grad unngått elektriske verktøy. Dette er både for å øve opp ferdigheiter og for å forstå form, materialval/kvalitetar, arbeidsprosess og den ferdige båten betre. Eg har brukt tid på å fundere over korleis og i kor stor grad verktøya, arbeidsprosessen, formgivinga av dei enkelte delane og til slutt den ferdige båten, heng saman. Dette har eg lært mykje av. Eg ser no at innføring av nye verktøy og festemidlar har endra båten litt etter litt. Eg meiner ikkje at alt nytt er ugreitt, men det har vært lite fokus på kva endringane gjer, og at dei i det heile er til stades. Eg har med dette fått auka innsikt i både skrogform, val av emne, arbeidsprosess, samt båten før og no. Eit konkret eksempel er bruk av skrubbhøvel, som gjekk ut då tjuknehøvelen kom i bruk. Eg har dimensjonert borda til åttringen for hand med skrubbhøvel (med unntak av ripene).

I byrjinga var eg svært misnøgd med eige arbeid, men kjende at eg fekk ei anna kjensle for emna enn eg gjer ved berre å pusshøvle/pynte ferdig dimensjonerte bord. Eg tok meg tid til å sjå nærare på fleire gamle båtar der borda var skrubbhøvla på innsida, og pusshøvla på utsida. Etter noko meir arbeid, og nærare ettertanke, vart ikkje mi eigen skrubbhøvling så håplaus likevel. Det eg også erfarte var at ved å jobbe manuelt med båtborda, (når ein har ein tanke om det ferdige omfaret), vil hendene og høvelen «av seg sjølv» jobbe litt opp mot det ferdige omfaret. Det går litt automatikk i formgivinga av båten, i alle fall om ein får jobbe uforstyrra. Dette forsvinn om ein jobbar med ferdig dimensjonerte bord. Då vert spørsmål om mogleg tynning eller huling av bord for å oppnå utlegg eller vriding og huling eit meir teoretisk spørsmål. Byggeprosessen vert då stivare og meir «kantete», og det vert meir manipulering av bordfasong når bordet er lagt på. Dette er sjølv sagt berre mine erfaringar og funderingar, og ikkje noko eg kan bevise eller påstå at er likt for andre i mitt fag.



Dimensjonering av båtbord, skrubbhøvel.

Metode



Eg har brukt følgjande kjelder i arbeidet med åtringen i år:

Munnlege kjelder:

- Båtbygger og fiskar Nils Olav Solbakken
- Historikar og seglar Kjell Magnus Økland
- Dei tilsette ved Oselvarverkstaden.

Skriftlege kjelder:

- Oselvarboka av Kjell Magnus Økland
- Mine notat etter båtbygger Harald Dalland
- Notat frå Harald Dalland sin verkstad
- Bygdesoga frå Austevoll

Gjenstandar:

- Alnastavar
- Båtar og oppmålingar av båtar
- Båtdeklar
- Eldre verktøy
- Foto

Eg har også støtta meg til tilbakemeldingane eg har fått på Oselvarverkstaden under båtslakten/vurderinga av Åttringmodellen, samt når eg har lagt fram tankar undervegs i arbeidet med fullskala båt. I høve arbeidet med trenaglar har eg nytta skriftlege kjelder om andre tradisjonsbåtar:

- «Nordlandsbåten og Åfjordsbåten» av Gunnar Eldjarn og Jon Godal
- Boka «Å tenkje geitbåt - og byggje ein» Jon Godal.


Eg har også nytta mine eigne notat etter Harald Dalland og munnlege kjelder: Nils Olav Solbakken, Leif Harald Amundsen, Stig Henneman, Gunnar Eldjarn, Kai Linde, Petter Mellberg, Hanus Jensen, Einar Borgfjord.

Gjenstander som kjelder er:

- Gamle båtar frå sørvestlandet
- Eldre verktøy til framstilling av trenaglar og orvedarar/forseinkarar til nagling.

Arbeidsform

Eg har jobba praktisk med å prøve ut mine eigne teoriar. Eg har, for det meste, jobba aleine, men har lufta tankar og problemstillingar kring arbeidet med dei tilsette på Oselvarverkstaden, Nils Olav Solbakken, med fleir. Det er for det meste brukt, manuelle, ikkje elektriske, verktøy. Eg har bevisst jobba med å unngå kopiering av ein gamal båt, men heller herme skapingsprosess både med hovud og kropp. Eg har ikkje blanda inn byggetradisjonar og målesystem frå andre klinkbåttradisjonar, men grave så langt eg kunne komme i det materialet, og dei kjeldene, som er tilgjengelege innafor «min» tradisjon. Gjennom dette har eg jobba meg betre inn i byggeprosessen, og meiner sjølv at eg har fått betre forståing for både den mentale, og den fysiske bygginga.



Skildring av prosessen

Eg har undervegs i byggeprosessen prøvd ut dei måla og forholda eg meinte å finne før, og i løpet av, dei to første åra av prosjektet. Etter kvart som åttringen vaks fram har eg forkasta mykje av måla og forholda eg trudde på. Eg har gått gjennom oppmålingar, alnastavar og notat igjen. Eg satt opp nye tankar kring formgivinga av skroget. Deretter har eg nok ein gong forkasta desse etter kvart som bygginga har gått framover, og det eg meinte å finne ikkje lenger verkar logisk, eller det ikkje gir mening i høve byggeprosessen. Eg har lagt fram arbeidet mitt for båtbyggerane ved Oselvarverkstaden etter kvart som eg har kome på nye problem eller løysingar. Dei har heile vegen vore positive og gitt konstruktive tilbakemeldingar. Dette har vore ei støtte i arbeidet.

Eg har likevel stått meir aleine i bygginga enn eg ønska. Dette grunna covid-19-pandemien. Det har vært både godt og gale. Godt, fordi eg då måtte ta avgjerder og prøve dei ut sjølv. Eg har også fått ro til å surre med tankar og teoriar. Gale, fordi eg har opplevd det som tungt å vere så mykje aleine, og fordi eg har hatt færre å luften tankar og teoriar med fortløpande.

Bygginga har i periodar gått svært sakte. Dette er både fordi eg har prøvd meg fram, og valt å gjere arbeidet om igjen då eg ikkje har blitt nøgd med resultatet og måleprinsippa eg starta med. Men også fordi eg ikkje har tatt høgde for tidsbruken på dokumentasjon, skriving, blogging og vidare søk etter moglege kjelder på spørsmål som kom fram under byggearbeidet. At eg ikkje har hatt tilgang på dei maskinane eg er vand med, har sjølvsagt også gjort at arbeidet har tatt meir tid. Til gjengjeld har eg oppdaga, og øvd opp, praktiske ferdigheiter eg ikkje hadde frå før. Koronapandemien har i tillegg gjort sitt til at arbeidet har blitt meir oppstykkka enn eg likar.



Resultat

Dette siste året har på mange måtar vore eit utfordrande, og til tider frustrerande år. Likevel har eg bevega med framover og har i dag mykje større innsikt i bredda av den båtbyggertradisjonen eg arbeidar i. Det er no enda tydlegare for meg at det er gått tapt ein del både tekniske ferdigheiter, materialkunnskap, formspråk og kunnskap om bruksegenskapar og seglføring etter kvart som marknaden berre ville ha «hyttebåtar» og kappseglarar. Det same gjeld ved overgangen til moderne maskinar og festemidlar.

Eg har større innsikt i dei større båtane i oselvartradisjonen no, enn for eit år sidan. Eg har også auka forståing for skrogform og endringar som vert gjort mellom ro- og seglbåtane i høve dei meir lastedryge ladromsbåtane, og brugdebåtane. Eg har fått forståing og praktisk øving i korleis bordinndeling og skaring må verte, ettersom båtane aukar i lengde og bredde.

Bruken av alnastav, siktelinjer og skyting, og viktigheita av rekkefølga i byggeprosessen, har også vist seg tydelegare då eg har hatt lite fast å bygge etter, og bevisst ikkje bygger kopibåt. Det er heilt klart delar av den ferdige båten eg vil justere om eg fekk høve til å bygge liknande båt i framtida, då eg undervegs i prosessen har sett nye samanhengar og eit mykje «enklare» system. Dette systemet, eller kanskje meir byggeskikken, går meir ut frå alnastaven, samt korleis borda er sikta inn og skutt. Altså meir ei innlært prosess, der talmemorering ikkje er viktig, og dei ulike tommene vert mindre viktige. Eg har i løpet av året gått frå å halda meg fast i tommestokken, og leite etter samanhengar i dei oppmålte båtane, til å sjå båtbygginga meir i samheng med merka på alnastaven, rekkefølga i byggeprosessen, innlært metode for sikting av bordlega og skytinga av omfara.

Eg meiner no å være på retning av eit anna vis å «sjå» båtane på, både under bygginga, og etter at båten er ferdig. Eg kjenner meg tryggare på å skapa båtar av ulik storleik, men ser klart at her er mykje meir å hente i åra framover. At eg undervegs i arbeidet har fått eit endra syn på alnastaven si meir aktive rolle i båtbygginga er ei overrasking for meg. Det er ikkje noko eg eigentleg leita etter, eller venta å finne for eit år sidan. For meg er dette svært spanande, og noko eg vil arbeide vidare med. Eg kjem også til å ha nytte av dette under arbeid med dei mindre båtane som oftast vert bygd på bestilling til privatkundar.

Eg viser elles til blogginnlegg datert 16. mars 2021, [«Tankar kring den mystiske alnastaven»](#). Blogginnlegget må reknast som eit steg på vegen og ikkje ferdig arbeid.

Illustrasjonar

